

ein samanlikna argumenta mot at kvinner skulle få røyste i 1913 og at 16-åringar skulle få røyste i dag, ville ein nok ikkje finne store forskjellar. Ein større fordeling av røysteretten vil gi nye grupper moglegheita til å påverke samfunnet vi lever i. Spørsmålet er ikkje om kor modne ei gruppe som ynskjer røysterett er, men i kor stor grad dei vil vere påverka av avgjerslene. Makta burde vere hjå folk flest som nøyaktig veit kvar problema sit, ikkje hjå lang "erfarne" myndige. Ein 16-åring har enno mykje å lære, men samfunnet burde også bruke erfaringane til dei unge. Mange som for første gang stemmer har sannsynlegvis allereie flytta ut frå heimstaden, og kanskje gløymt utfordringane derifrå. Om ein senker alderen på røysteretten vil mange unge få moglegheita til å røyste i den kommunen dei tilhøyrar før dei flyttar. Dette vil føre til at politikarane i større grad blir nøydte til å ta unge sine meiningar på alvor. Senkinga av alderen på røysteretten vil også vere med på å skape ei meir rettferdig framtid. Folk i Noreg blir eldre og eldre, dette er eit faktum. Dersom ein opnar for å senke alderen på røysteretten vil demokratiet fordele seg på ein betre måte. I staden for at femti til seksti prosent av dei som er røysteføre, er over 35 år. Samfunnet reknar 16-åringar som so sjølvstendige at dei kan straffefølgjast, betale skatt og fritt velje å melde seg inn i organisasjonar og trussamfunn. Difor burde ungdom frå alderen 16 år kunne få røyste under val.

Ungdomspolitiskutval i SFj skal:

- Arbeide aktivt med å senke alderen på røysteretten til 16 år
- Arbeide aktivt med å fremje demokratiet i fylket

Uttalenemnda si innstilling:
Inga innstilling (2-2-0)

La sjølve fråsegna til grunn for røystring pga. at uttalenemnda ikkje hadde framlegg til innstilling.
Mot fråsegna: 17 røyster
For fråsegna: 13 røyster

Vedtak: fråsegna, slik den er lagt fram, vart ikkje vedteken, mot 13 røyster

SAK 06/15 OPPSUMMERINGAR AV GRUPPEDISKUSJONANE OG VEDTAK

- **Næring**

Kompetansearbeidsplassar:

Fylkesting for ungdom meiner det er viktig å sikre og å skape nye kompetansearbeidsplassar i fylket. Dette kan gjerast ved at ingen offentlege kompetansearbeidsplassar vert tekne bort, og at det vert arbeidd aktivt for å skape fleire offentlege kompetansearbeidsplassar.

Fylkesting for ungdom meiner det er viktig med god teknologisk infrastruktur i fylket. Dette gjeld særleg Internett.

Dette kan gjerast ved å byggje ut godt, stabilt og snøgt Internett.

Fylkesting for ungdom meiner det er viktig med entreprenørskap.

Dette kan gjerast ved å ha eit godt samarbeid med Ungt entreprenørskap og ha eit generelt fokus på dette i skulen.

Samrøystes vedteke

- **Opplæring, gruppe 1**

Det gruppa meiner er viktig for fylket vårt for å vere ein god stad å bu og vekse opp, og komme til i åra framover er at tenestene som skule, barnehage, nærbutikk, kulturtilbod ligg nært der du bur. Vi meiner det er viktig å halde på ein desentralisert struktur, og at infrastrukturen forbeholdt etter dette. Det må vere høve for å starte og drive eit høgteknologiselskap omringa av nydeleg natur – dette er det Sogn og Fjordane må spele på.

Når det kjem til temaet vårt, opplæring, er det viktig at alle får ta den utdanninga ein har lyst til. Linjetilboda er det viktigaste å bevare, men vi meiner det er på tide å flytte medium og kommunikasjonslina frå Hafstad til Firda vidaregåande skule der det allereie er tilrettelagt for denne linja.

Rammene rundt den vidaregåande skulen er viktig. Dei som flytter for å gå på vidaregåande skule må ha ein hybel som ligg nært skulen og som har ein overkommelig pris. Open skule er eit tilbod som er viktig å bevare, og miljøkoordinatorane gjere ein utruleg viktig jobb på skulane. Denne stillinga burde fredast.

Når det kjem til kutt, er det vanskeleg å meine kva som er mindre viktig sidan alt heng så godt saman. Men vi meiner det er viktigare å ha det bra på skulen, enn å ha 12 ulike fag å velje mellom på studiespesialiserande.

Samrøystes vedteke

- **Opplæring, gruppe 2**

Viktig for ein god skule er at det sosiale miljøet blir i varetatt og vert jobba for, men at den faglege kompetansen også må styrkast.

Vi ønskjer å setje fokus på miljøkoordinator. På den vidaregåande skulen vert ikkje det ikkje like god kontakt mellom lærar og elev, som på ungdomsskulen. Då er det viktig at vi har ein person som jobbar for elevane, og deira psykososiale miljø. Å ha ein person som strekker seg lengre enn vi kan forvente, ser vi på som ein av dei viktigaste ressursane ein vidaregåande skule har.

Vi tykkjer også at rådgjevingstenesta må oppretthaldast slik som det er i dag, om ikkje styrkast. Det er utruleg viktig for potensiell forvirra ungdom å få oppfølging og råd om kva ein skal gjere etter vidaregåande. Rådgjeverane er også viktige innan saker som mobbing og elevar med vanskar i ulike fag.

Oppfølgingstenesta er også ein viktig ressurs for elevar som ikkje søker på skule eller droppar ut. Vi ser på det som viktig for å førebygge fleire ungdommar med psykiske vanskar, og hindre dei i å falle ut av det sosiale miljøet utanom skulen.

Det vi derimot ser på som unødvendig er digitalisere for å digitalisere. Dei fleste klasseromma i dag har digital verktøy som har potensiale for nye og spennande lære metodar. I praksis vert ikkje dette brukt. Vi tykkjer at digitaliseringa og kompetansen ikkje strekkjer til slik det er i dag. Poenget vårt er at vi kan heller halde oss til tavle, kritt og skulebøker, då dette fungerer like godt, om ikkje betre, enn PC-ane vi har og dei digitale ressursane vi blir tilbydd i dag.

Vedteke, mot 5 stemmer

- **Kultur**

Det har blitt trekt fram tiltak som er viktig at fylkeskommunen satsar på framover. Å legge til rette for anlegg og fysisk aktivitet vil bidra til god folkehelse. UKM er også viktig for dei som ikkje

ynskjer å drive med lagidrett. Folk med ulike interesser og talent vil møte kvarandre og utveksle kunnskap og danne sosiale nettverk. Frivillige organisasjonar må difor verte satsa på.

Gruppa meiner det er viktig å oppretthalde fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval, for det er via FFU at vi får kontakt med politikarane og får moglegheita til å vedta saker som ungdomen sjølv meiner er viktig.

Det er vanskeleg å diskutere slike omfattande ting utan å ha så mykje bakgrunnskunnskap. Når det gjeld kva ein kan redusere eller kutte er det naturlegvis mange ulike meiningar om kva som burde reduserast, men det kom fram at det kan vere aktuelt å redusere i den kulturelle skulesekken. Og elles kutte i det som får mykje økonomiske ressursar i forhold til antal deltakarar.

Vedteke, mot 4 stemmer

- **Samferdsle**

Vi er einige om at kollektivtransport er viktig for ungdommar i Sogn og Fjordane. Her er lange avstandar, og difor er det naudsynt med tilbod særleg retta mot ungdom som er rimelege. Tilbod som er direkte retta mot ungdom i dag er ungdomskortet, heim for ein 50-lapp og LTU, som er lokale transportmidlar for ungdom som kommunane kan søkje om til lokale tiltak.

Ungdomskortet meiner vi er det viktigaste av desse tilboda. Det er viktig for hybelbuarar med trong økonomi, slik at dei kan kome seg heim i helgene utan å bruke for mykje av stipendet. Det er miljøvenleg og trafikksikkert, då det gjer det rimelegare å ta buss enn å køyre eigen bil for dei over 18 år. For dei under 18 år bidreg kortet til at ein blir meir sjølvstendig, og kan reise til andre stader i fylket utan å vere avhengig av foreldre som køyre. Det gjer det enklare og kjekkare å vekse opp her i fylket, og gjer det mogleg å knyte band utover kommunegrensene, når busstilbodet er rimeleg.

Vi meiner også at tilbodet om heim for ein 50-lapp er viktig å ivareta. Det at ulike arrangement kan søkje om tilskot til transport for deltakarane, gjer både at ungdom kjem seg til og frå arrangementet, og det gjer at arrangementet får fleire besøkjande.

Det er også viktig å oppretthalde dei faste rutene som går i helgene frå ulike kommunesenter, då ein kan ta taxi trygt heim natt til sundag, som kan bidra til å hindre for eksempel promillekøyning.

Av dei tre tilboda eg har nemnt, meiner vi LTU er nedst på prioriteringslista. Dette er midlar som kommunane søkjer om til sine lokale tiltak i kommunen, og er noko kommunane sjølv kan finansiere.

Vedteke, mot 4 røyster

Pause.

Tinget sett, 11.25.

Møteleiarane takka uttalenemnda og teljekorpset.

Namneopprop. 30 av 31 røysteføre i salen.